



Arkivnr: 2018/146-12

Saksbehandlar: Ronny B Skaar

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.11.2018
Fylkesutvalet		21.11.2018

#### Griegkvartalet - søknad om støtte til skisseprosjekt

##### Samandrag

Bergen Nasjonale Opera, Musikkelskapet Harmonien og Grieghallen as har søkt Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om midlar til utgreiing av nytt opera- og konserthus, Griegkvartalet.

Skisseprosjektet er kostnadsrekna til kr 4 millionar. Tiltakshavar har finansiert kr 3 millionar, mellom anna med private gjevarar, og søker kr 500.000 frå høvesvis Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune, til saman kr 1 million.

For at ideen om Griegkvartalet skal kunne fremjas som eit reelt prosjekt er det behov for ein vidareutvikling av det føreliggande konseptet for å avklare ein rekke forhold. Dette gjeld avklaringar av både programmessige forhold, funksjonelle forhold og tekniske forhold. I tillegg vil ein nærmare estimering av total prosjektkostnad vere ein viktig del av denne utgreiinga.

Fylkesrådmannen ser dette som eit viktig og interessant konsept som bør utgreiast nærmare. Tiltakshavar har allereie store delar av finansieringa på plass, og med den store graden av regional tyding dette tiltaket har, bør Hordaland fylkeskommune medverka til slik utgreiing.

Hordaland fylkeskommune har midlar på fond etter tilbaketreking av midlar som var tiltenkt Fartein Valen-senter, og fylkesrådmannen rår til at løyvinga vert teke frå dette fondet.

Fylkesrådmannen vil streka under at løyving til skisseprosjektet ikkje medfører bindingar med tanke på vidare finansiering. På denne bakgrunn vil fylkesrådmannen rå til at Hordaland fylkeskommune løyver kr 500.000 frå fondsmidlar, slik at vilkåra for endeleg realisering kan avklárist.

#### Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune løyver kr 500.000 til skisseprosjektet for Griegkvartalet. Midlane skal takast av fondsmidlane som var avsett til Fartein Valen-senter, disposisjonsfond 2560800403
2. Fylkesutvalet strekar under at denne løyvinga ikkje medførar bindingar for Hordaland fylkeskommune vedrørande framtidig finansiering ved eventuell realisering av tiltaket.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Notat Griegkvarteralet – Utredningsbehov, skisseprosjekt
- 2 Mulighetsstudie Griegkvarteralet

## Fylkesrådmannen, 29.10.2018

### Bakgrunn for saka

Bergen Nasjonale Opera, Musikkenskapet Harmonien og Grieghallen as har søkt Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om midlar til utgreiing av nytt opera- og konserthus, Griegkartalet.

Skisseprosjektet er kostnadsrekna til kr 4 millionar. Tiltakshavar har finansiert kr 3 millionar, mellom anna med private gjevarar, og søker kr 500.000 frå høvesvis Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune, til saman kr 1 million.

Rambøll Norge as har beskrive art og omfang av behovet for utgreiing. Rambøll har estimert kostnadat til 4 mill eks mva. Grieghallen as, Bergen Nasjonale Opera og Musikkenskapet Harmonien har saman kosta føreliggande moglegheitstudie, og søker om finansiering av ytterlegare skisseprosjekt.

Konseptet tek sikte på plassering av eit opera- og konsertbygg på Edvard Griegs plass. Dette vil utvikle Grieghallen til ein meir komplett konsert- og musikkteaterarena samtidig som det kan bli anlagt og inkorporert nye messeareal. Prosjektet ser også høve for at Nygård skole kan bli knytt saman med det nye Grieghallanlegget når Griegakademiet flytter til Møllendal. Til saman gir dette høve for å etablere Griegkartalet – eit samla kulturanlegg av internasjonalt format for Bergen.

For at ideen om Griegkartalet skal kunne fremjas som eit reelt prosjekt er det behov for ein vidareutvikling av det føreliggande konseptet for å avklare ein rekke forhold. Dette gjeld avklaringar av både programmessige forhold, funksjonelle forhold og tekniske forhold. I tillegg vil ein nærare estimering av total prosjektkostnad vere ein viktig del av denne utgreiinga.

### Finansiering

Hordaland fylkeskommune har midlar på fond etter tilbaketreking av midlar som var tiltenkt Fartein Valen-senter. Dette var i utgangspunktet kr 6 millionar, men Sveio kommune vedtok å avvikla prosjektet. Av midlane er kr 2.250.000 løyvd til skisseprosjekt for Sentralbadet scenekunsthus. Vidare er det i budsjettframlegget for 2019 lagt opp til at kr 3 millionar vert sett av til markeringa av kristenretten på Moster i 2024. Fylkesrådmannen tilrår at kr 500 000,- av restmidlane vert løyvd til skisseprosjekt til utgreiing av nytt opera- og konserthus, Griegkartalet.

### Vurdering

Fylkesrådmannen ser dette som eit viktig og interessant konsept som bør utgriast nærmare. Tiltakshavar har allereie store delar av finansieringa på plass, og med den store graden av regional tyding dette tiltaket har, bør Hordaland fylkeskommune medverka til slik utgreiing. Skisseprosjektet vil avklåra omfang og kostnader ved realisering av eit slikt tiltak. Støtte til skisseprosjekt som vil avklåre moglegheiter og konsekvensar vil gje grunnlag for vidare vurderingar knytt til endeleg realisering.

Fylkesrådmannen vil streka under at løyving til skisseprosjektet ikkje medfører bindingar med tanke på vidare finansiering. På denne bakgrunn vil fylkesrådmannen rå til at Hordaland fylkeskommune løyver kr 500.000 frå fondsmidlane, slik at vilkåra for endeleg realisering kan avklårast.